



DEN NORSKE KYRKJA
Lindås kyrkjelege fellestråd

Lindås kommune
Rådhuset

Knarvik, 29. august 2014

Knarvik kyrkje – justert søknad om tilleggsøyving / gåve

Vi viser til brev med søknad av 27. mai, samt møteaktivitet etter ferien.

Knarvik kyrkje nærmar seg no ferdigstilling, og for sjølve bygget går arbeidet etter plan med overtaking no i september 2014. Dei økonomiske tilhøva er også noko meir avklåra enn i mai.

Fram mot vigslingsgudstenesta 1. sundag i Advent 2014 er det framleis nokre gjenstandar i kyrkjerommet frå lista i mai som ikkje har finansiering.

1. Dette gjeld i første runde dei liturgiske elementa i kyrkjerommet; alter, døypefont, lesepult m.m. samt den ekstrarekninga vi fekk i samband med stålramma for det store glasmaleriet i fondveggen; til saman **NOK 400.000,-**
2. Dette gjeld dernest lyd-anlegget i kyrkja; prisa til **NOK 350.000,-**
3. Til slutt gjeld det asfaltlegging av parkeringsplass, veg ned til kyrkja samt «torget» utanfor kyrkja. Dette var vi opphavleg villig til å utsetje, men når vi no ser den grusen som vert lagt i dette området har vi vurdert at golvet i kyrkja vil ta urimeleg skade dersom kyrkja skal takast i bruk utan fast dekkje utanfor. I brevet i mai var dette prisa til **NOK 450.000,-**

Fellestrådet sine utval i kyrkjesaka arbeidar kontinuerleg med løysingar på praktiske spørsmål. Lkf vil derfor be om at eit eventuelt økonomisk tilskot frå Lindås kommune ikkje vert øyremerket, men gjeve eller løyva som ein rund sum.

For Lindås kyrkjelege fellestråd

Torgeir Paulsen
kyrkjeverje